

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST RHF

STAD: St. Svithun Hotel, Gerd-Ragna Bloch Thorsens gate 8, Stavanger
MØTETIDSPUNKT: 25.03.2015 KL 09:00 – 14:00

Styremøte var ope for publikum og presse

.....

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Maria Borch Helsengreen	Leiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Bente Mari Rolfsnes	Medlem
Gunvald Iversen	Medlem

FORFALL FRA STYRET

Per Karlsen	Medlem
Jon Bolstad	Medlem

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Jannicke Daae Tønjum	Administrerande direktør
Ola Rye	Økonomisjef/ referent

SAKLISTE**UNDERLAG****Ope del**

Sak	012/15	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak	013/15	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Sjukehusapoteka Vest HF 11.02.2015	Vedlagt
Sak	014/15	Administrerende direktør si orientering	Vedlagt
Sak	015/15	Årsmelding og årsrekneskap frå Sjukehusapoteka Vest 2014	Vedlagt
Sak	016/15	Risikostyringsmål for Sjukehusapoteka Vest 2015	Vedlagt
Saker til orientering:			
Sak	017/15	Styringsdokument 2015 for Sjukehusapoteka Vest	Vedlagt
Sak	018/15	Eventuelt Skriv og meldingar	Vedlagt

Lukka del

Sak 019/15 blir behandla i lukka møte heimla i helseføretakslova §26a (2) nr. 4.

Sak 019/15	Rapportering frå verksemda per februar 2015 (u. off. jf. Offentleglova §23.1)	Vedlagt
------------	--	---------

OPE DEL**Sak 012/15 Godkjenning av innkalling og dagsorden****Oppsummering**

Innkalling og dagsorden blei gått igjennom.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente innkalling og dagsorden.

Ingen saker meldt til eventuelt.

Sak 013/15 Godkjenning av protokoll frå styremøte 11.02.2015

Oppsummering

Styret hadde ingen merknader til protokoll frå styremøte 11.02.2015.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner og underteknar protokollen frå styremøte 11. februar 2015.

Sak 014/15 Administrerande direktør si orientering

Oppsummering

Stilling som apotekar i Bergen er lyst ut. Det skal og lysast ut vikariat som apotekar i Førde frå og med juni i år.

1. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Ingen nye forhold rapportert. Vegleiar til ny legemiddelforskrift føreligg pt. ikkje.

2. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker

Tilsyn frå SLV i Bergen vert rekna som avslutta. Tilsyn i Stavanger inkluderer to saker til oppfølging med omsyn til temperaturkontroll og praktisering og dokumentasjon av anbrot. Dokumentasjon med omsyn til temperaturkontroll er sendt til SLV. Praktisering av dokumentasjon ved anbrot krev nye rutinar i SAV spesielt innan sjukehusekspedisjon. Dette medfører meirarbeid i SAV. SAV følger nasjonal apotekavanse, som har eigne prisar for anbrot. Det er økonomiske insitament for å legge om til færre anbrot ved bestilling av legemidlar frå sjukehusa. Samstundes vil færre anbrot effektivisere legemiddellogistikken mykje. Styret er opptekne at av administrasjonen arbeider for at leverandører av ompakka eindose-legemiddel kan levere ulike pakningsstorleikar, slik at omlegging til færre anbrot kan skje på best mogeleg måte.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Ingen høyringssvar er sendt sidan siste styremøte. På oppmoding frå styret gav AD ein kort orientering om korleis høyringar vert handsama i SAV.

4. Arbeid i FAMU og AMU 2014

Rapport frå Arbeidsmiljøutvala var kort gjennomgått, og det vart uttrykt tilfredshet frå styret med det arbeidet som har vart gjort på dette området i 2014.

AD orienterte kort om at det, med bakgrunn i at SAV er ein relativt liten organisasjon i spesialisthelsetenesta med avgrensa administrativ kapasitet både lokalt og sentralt, er til vurdering korleis organisering og struktur på arbeidsmiljøarbeidet best gjørast framover. På oppmoding om å komme med innspel til god organisering og struktur i dette arbeidet gav styret, ut frå sine ulike eigne erfaringar rund slikt arbeid og SAV sin situasjon med høgt

sjukefråvere, ein delt tilbakemelding. Deler av styret gav uttrykk for at lokale AMU kan ha ein verdi i SAV grunna geografisk avstand mellom avdelingane og for å få til lokalt engasjement på tiltak og oppfølging av sjukefråvær. I motsett retning blei det gitt innspel til at vil auka fokus på føretakets AMU vil auke kompetanseoverføring og samordning mellom apoteka. Administrasjonen tar med seg begge tilnærmingane inn i den vidare vurdering av beste framtidige organisering og struktur på dette arbeidet for SAV.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Sjukehusapoteka Vest tek meldingane til orientering.

Sak 015/15 Årsmelding og Årsrekneskap Sjukehusapoteka Vest 2014

Oppsummering

Årsmelding og Årsrekneskap for 2014 føreligg i endeleg versjon etter at det er gjennomført revisjon. Endeleg Årsrekneskap og Årsmelding er ikkje vesentleg endra frå utkast som vart lagt fram for styret i styremøte den 11.02.2015 (Sak 005/15). Revisor deltok i møtet og summerte opp revisjon utan vesentlege merknader.

Endeleg resultat for 2014 er 30.546 tusen kroner. Resultatet er vesentleg påverka av reduksjon i rekneskapsført pensjonskostnad med i alt 24.370 tusen kroner og bortfall av tilskot til pensjonskostnader frå Helse Vest med 4.000 tusen kroner. Korrigert for dette er resultatet for 2014 10.169 tusen kroner. Til samanlikning var resultatkravet for 2014 10.372 tusen kroner. Det vert vist til sak om rapport frå verksemda i styremøte den 11.02.2015 (Sak 004/15) for nærare omtale av årsresultatet.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek Årsmelding og Årsrekneskap for Sjukehusapoteka Vest HF for 2014, og anbefalar at den vert lagt fram for føretaksmøte som føretaket sin Årsmelding og Årsrekneskap for 2014.

Sak 016/15 Risikostyringsmål for Sjukehusapoteka Vest 2015

Oppsummering

I samsvar med felles retningslinjer for risikostyring i Helse Vest vert det i Sjukehusapoteka Vest gjennomført ei overordna risikosstyring på utvalde styringsmål. Etter retningslinja skal helseføretaka årleg gjennomføre risikovurdering av minimum 4 overordna styringsmål som skal følgjast særskild opp gjennom året.

Helse Vest RHF har i styresak av 04.02.2015 (Sak 009/15) vedteke 3 overordna styringsmål med tilhøyrande delmål gjeldande for sjukehusføretaka i regionen. Helse Vest peika i denne saka ikkje ut styringsmål for Sjukehusapoteka Vest, men da Sjukehusapoteka Vest er et verktøy for Helse Vest i reduksjon av skader knytt til legemiddel har Sjukehusapoteka Vest likevel vald å foreslå å nytte Styringsmål 1 – Tal på skadar som kan unngåast i helsetenesta i Helse Vest skal halverast innan 2017 – som eit styringsmål for Sjukehusapoteka Vest også i 2015, men noko spissformulert.

I tillegg forslår administrasjonen tre lokale styringsmål i Sjukehusapoteka Vest knytt til drift av Publikumsutsal, kapasitet/ kompetanse og prosess-styring.

Styringsmål for kapasitet/ kompetanse og prosess-styring ligg tett opp til styringsmål 3 og 4 frå 2014, men er tydeleggjort og underliggende delmål og tiltak er tilpassa resultat som vart nådd i 2014.

Når styringsmål med delmål er fastsett vil helseføretaket utføre risikovurdering og identifisering av tiltak og ansvar under kvart styringsområde. Denne prosessen vil bli tatt ut i organisasjonen i april. Arbeidet vil bli tatt opp som styresak i mai. I tillegg vil styret få rapportering på risikostyring i juni og november, samt evaluering av tiltak og status ved årsslutt.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek felles retningslinjer for risikostyring i Helse Vest til orientering, og legg til grunn at Sjukehusapoteka Vest aktivt føl opp og forankrar arbeidet med risikostyring ved involvering av avdelingar i heile organisasjonen.

Styret sluttar seg til styringsmåla med delmål for risikostyring i Sjukehusapoteka Vest i 2015. Styret ber om at administrasjonen vurderer å innarbeide som ein del av eksisterande styringsmål ein tydeleggjering av at SAV og skal bidra til kontroll med og reduksjon av legemiddelkostnader i Helse Vest. Styret oppmoda og administrasjonen til å vurdere å innarbeide styringsmål/ delmål knytt til HMS området.

Saker til orientering

Sak 017/15 Styringsdokument 2015 for Sjukehusapoteka Vest HF

Oppsummering

Styringsdokument 2015 for Sjukehusapoteka Vest HF blei vedteke av føretaksmøte i Sjukehusapoteka Vest HF 4. mars 2015.

I Styringsdokument 2015 har Helse Vest redusert talet på mål og rapporteringskrav i høve til tidlegare år. Dette betyr at styringsdokumentet ikkje gjer dei samla krava til Sjukehusapoteka Vest, men utfyller og konkretiserer oppgåver som Sjukehusapoteka Vest skal legge vekt på og prioritere i 2015.

Føregåande Sak 16/15 Risikostyringsmål viser korleis Sjukehusapoteka Vest tenkjer å sikre leveranse i høve til styringskrav for 2015.

Vedtak (samrøystes)

Styret tar saka til etterretning og ber administrasjonen fokusere/ prioritere særskilt på dei områda styret har kommentert på i møtet.

Styret ber administrasjonen i det vidare arbeidet legge særskild vekt på arbeidet med legemiddelrelaterte feil og styring av legemiddelkostnader.

Administrasjonen bes om å rapportere på Styringsdokument 2015 for Sjukehusapoteka Vest HF i høve til mal og fristar sett av Helse Vest RHF.

Sak 018/15 Eventuelt

Ingen sakar meldt.

Skriv og meldingar

Ingen skriv og meldingar var delt ut til styret.

LUKKA DEL**Sak 019/15 Rapportering frå verksemda per februar 2015****Oppsummering**






Rapport frå verksemda blei gjennomgått og kommentert med hovudfokus på fortsatt høgt sjukefråvere, faglege leveransar og prosjekt og eit lågare resultat enn budsjett og ein prognose under resultatkrav.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapporteringa frå verksemda per februar 2015 til etterretning. Styret er bekymra for at SAV har ei prognose for 2015 som ligg under resultatkravet for 2015. Styret ber administrasjonen iversetje tiltak som kan gjere det mogeleg for SAV å nå resultatkravet, og at det på neste styremøte vert lagt fram ei tiltaksliste.

Ref. Ola Rye

25.03.2015

 Maria Borch Helsengreen	Styreleiar
 Olav Godtfred Clausen	Nestleiar
 Jon Bolstad (sett)	Medlem
 Anne Sissel Faugstad	Medlem
 Inger Cathrine Bryne	Medlem
 Per Karlsen(sett)	Medlem
 Marianne Saugestad	Medlem
 Bente Mari Rolfsnes	Medlem
 Gunvald Iversen	Medlem